

GEBYRREGULATIV FOR DRIFT OG UTVIKLING I IVELAND KOMMUNE

GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

- § 33-1 i lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008
- § 32 i lov om egedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005
- § 7 i lov om eierseksjoner av 20. mars 1997
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993 (Forskrift til forvaltningsloven § 27a.)
- § 9 i forskrift av 12. april 2000 til forurensningsloven om utslipp fra mindre avløpsanlegg (Jf. forurensningsloven § 52 a)

Regulativet blei endra den 08.12.2022 av kommunestyret i sak 63/22, og gjeld frå den 01.01.2023

Regulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ.

Innhold

A Generelle reglar.....	5
A.1 Betalingsplikt.....	5
A.2 Kva for regulativ skal nyttast.....	5
A.3 Betalingstidspunkt.....	5
A.4 Urimelege gebyr.....	6
A.5 Fritak for gebyr.....	6
A.6 Klage.....	6
A.7 Avbrote arbeid	6
A.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane.....	6
A.9 Gebyr til statlege etatar	6
B Attestar o.l., og tenester som skal betalast etter medgått tid.....	7
B.1 Attestar o.l.....	7
B.2 Timepris.....	7
C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§ 33-1).....	7
C.1 Kart og eigedomsoppgåver (Kap 2)	7
C.1.1 Eigedomsoppgåve med kartvedlegg	7
C.1.2 Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid.....	7
C.2 Plansaker (kap. 12)	8
C.2.1 Planavklaringsmøte med referat.....	8
C.2.2 Privat forslag til reguleringsplan, eller endring av gjeldande reguleringsplan (tbl § 12-11) .	8
C.2.3 Fornya søknad	8
C.2.4 Søknad om planendring	9
C.2.5 Konsekvensutgreiing	9
C.3 Dispensasjon (kap. 19).....	9
C.3.1 Dispensasjon (tbl § 19-1)	9
C.4 Tiltakssaker (kap. 20).....	9
C.4.1 Tiltak der tiltakshaver sjølv har ansvaret (tbl § 20-4)	9
C.4.2 Søknadspliktig tiltak, rammeløyve og sakshandsaming i eit trinn (tbl § 20-3 jfr. § 21-4)	9
C.4.3 Søknadspliktig tiltak, igangssettingsløyve (tbl § 20-3 jfr. § 21-4)	10
C.4.4 Endring av gitt løyve (tbl § 20-3 jfr. § 21-4)	10
C.4.5 Oppføring, endring eller vøling av byggetekniske installasjonar (tbl § 20-1 f).....	10
C.4.6 Oppføring av innhegning mot veg, skilt eller reklameinnretning (tbl § 20-1 h)	10
C.4.7 Vesentlege terrenginngrep (tbl § 20-1 k)	10
C.4.8 Plassering og kontroll	10

C.5 Innhold og sakshandsaming (kap. 21)	11
C.5.1 Førehandskonferanse (tbl § 21-1)	11
C.6 Refusjonssaker (kap. 18)	11
C.6.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§ 18-8).....	11
C.6.2 Kostnadskontroll og fastsettjing av kostnadsdelinga (§ 18-9).....	11
C.7 Tilsyn (Kap. 25)	11
C.7.1 Tilsyn (§ 25-2)	11
C.8 Ulovlege byggearbeid (Kap. 32).....	11
D Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§ 32, forskriftene § 16),	11
D.1 Oppretting av matrikkeleining	11
D.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn	11
D.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn.....	12
D.1.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon.....	12
D.1.4 Oppretting av anleggseigedom.....	12
D.1.5 Registrering av jordsameige.....	12
D.1.6 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.....	12
D.2 Avbrot i oppmåling eller matrikulering.....	12
D.3 Grensejustering.....	12
D.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige	12
D.3.2 Anleggseigedom.....	12
D.4 Arealoverføring	13
D.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige	13
D.4.2 Anleggseigedom.....	13
D.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.....	13
D.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikke tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar.	13
D.7 Registrering av privat grenseavtale.....	14
D.8 Utferding av matrikkelbrev.	14
D.9 Timepris.....	14
E Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (§ 7)	15
E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom	15
E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon.....	15
E.3 Ny handsaming av avslegen søknad	15
F Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993	15
G Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (§9).....	15
G.1 Søknadssaker	15

G.2 Ny handsaming av avslegens søknad	15
---------------------------------------------	----

A Generelle reglar

A.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslegen.

For godkjent § 20-1søknad etter plan- og bygningsloven, som ikkje blir realisert, kan den som har betalt gebyret, krevje å få tilbakebetalt "trinn 2 delen" av gebyret i samsvar med retningslinjene i førre avsnitt.

Dersom eit avslag medfører ein revidert søknad innan 3 månader og denne blir godkjent, skal 75% av først innbetalt søknadsgebyr/basisgebyr gå til frådrag i nytt gebyr. (For plansaker etter pbl § 12-11 og søknadssaker etter dei andre heimlane gjeld eigne reglar, sjå pkt. C.2.3, E.3, F og G.3.)

Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal være betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg for mykje betalt gebyr.

A.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoén kommunen tok mot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon.

A.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeins skal kartforretningsgebyr og aktuelle tinglysingsgebyr vera betalt før mellombels forretning, målebrev eller registreringsbrev blir sendt til tinglysing.

For søknadssaker kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen reknast ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengd betalingsfrist.

A.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

A.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

A.6 Klage

Statsforvaltinga er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter delings- og seksjoneringslova.

A.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra.

A.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Dersom kommunestyret vedtek at gjeldande regulativ skal indeksregulerast, skal satsane regulerast i samsvar med KS' "Hovedoversikt over kommunale arbeidstakere tabell II over endringer i månedsfortjeneste i % for teknisk sektor." Ved nemnde regulering skal ein avrunda satsane. Satsar over kr 50 skal ein avrunda til heile 10 kroner.

A.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

B Attestar o.l., og tenester som skal betalast etter medgått tid

B.1 Attestar o.l.

For attestar o.l., som kommunen kan krevja gebyr for i medhald av plan- og bygningslova og delingslova, og som ikke er spesifisert i regulativet for den enkilde lova, er gebyret:

- a. For register- eller protokollutskrift og attest som krev meir enn eit halvt timeverk, kan kommunen krevja gebyr etter medgått tid og satsar i B.2.

B.2 Timepris

For gebyr som skal reknast ut etter medgått tid, jf. regulativet, skal det nyttast følgjande timesatsar:

a. Kontorarbeid	Kr 970,-
b. Feltarbeid: Einskildperson	Kr 1450,-

C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§ 33-1)

C.1 Kart og egedomsoppgåver (Kap 2)

C.1.1 Egedomsoppgåve med kartvedlegg

For utarbeiding av egedomsoppgåve og tilhøyrande kopi av kommunalt kart som syner kvar aktuelle eideomar ligg, og som ikke gjeld tenester som skal dekkjast ved produkt etter C.1.2, skal det reknast gebyr etter medgått tid.

Minstegebyr	Kr 1200,-
-------------	-----------

C.1.2 Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid

For kopi av digital kartbase levert på digital form (diskett, CD eller E-post) reknes gebyr i samsvar med kommunen sin "Geovekstavtale". Ved digital levering av kartdata skal det følgja med ei standard forklaring til dataoppsettet og eit plott på papir i standard kartutføring dersom kunden ønsker det.

C.2 Plansaker (kap. 12)

C.2.1 Planavklaringsmøte med referat

For planavklaringsmøte med referat skal det reknast gebyr etter medgått tid.

Minstegebyr	Kr 1200,-
-------------	-----------

C.2.2 Privat forslag til reguleringsplan, eller endring av gjeldande reguleringsplan (pbl § 12-11)

Saksgebyret skal kommunen rekna ut etter følgjande tabell:

Gebyr	Enkel sak	Middels tung sak	Komplisert sak
Basisgebyr ¹	Kr 10 260,-	Kr 13 660,-	Kr 17 130,-
Tillegg for avklaring av rammer	Kr 3420,-	Kr 6840,-	Etter medgått tid og utgifter til sakkunnig bistand. Minstegebyr: 10 260,-
Tillegg for bearbeiding	Kr 3420,-	Kr 6840,-	Etter medgått tid og utgifter til sakkunnig bistand. Minstegebyr: 10 260,-

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei ”offentleg” plansak, må bruka tid på avklaringar av rammer som er uavklart(e) i høve til lov, forskrift, overordna plan eller vedtak gjort i medhald av desse, skal det betalast tilleggsgebyr som vist i tabellen.

Inndelinga er definert slik:

- Enkel sak: Få og små uavklarte tilhøve i forhold til gjeldande plan(ar).
(Inntil eitt dagsverk)
- Middels tung sak: I samsvar med overordna plan, men manglande detaljavklaring.
(Frå 1–3 dagsverk tilleggsarbeid for kommunen)
- Komplisert sak: Forslag i strid med overordna regelverk, plan eller offentleg vedtak

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei ”offentleg” plansak, må bruka tid på bearbeiding av planpresentasjonen, skal det betalast eit tilleggsgebyr som vist i tabellen. Inndelinga er definert slik:

- Enkel (klasse 1): Nokre mindre justeringar må utførast (inntil eitt dagsverk).
- Middels (klasse 2): Omfanget av den kommunale bearbeidingsa krev eitt til tre dagsverk.
- Komplisert (klasse 3): Større grad av kommunal bearbeiding.

C.2.3 Fornya søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornva søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (pkt. C.2.2) og fulle tilleggsgebyr der søknaden medfører tilleggsarbeid for kommunen. Ein fornva søknad skal klassifiserast ut frå den situasjonen som søknaden er i, i høve til klassifiseringsreglane ovanfor. Deretter skal kommunen rekna ut gebyret for saka.

¹ Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søker si side, fram til saka er ei ”offentleg” plansak.

C.2.4 Søknad om planendring

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr:

Klasse 1 (mindre vesentlege endringar)	Kr 6840,-
Klasse 2 (vesentlege endringar utan protest)	Kr 10 250,-
Klasse 3 (vesentlege endring der det er usemje)	Kr 10 250,-
Basisgebyr som for ny sak; sjå C.2.2	

I tillegg kan det for alle klassane krevjast gebyr etter C.2.2 for tilleggsarbeid.

C.2.5 Konsekvensutgreiing

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid og utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta)	Kr 3420,-
--------------------------------------------------------------------------	-----------

C.3 Dispensasjon (kap. 19)

C.3.1 Dispensasjon (pbl § 19-1)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter pkt. C.4

For kvar sak som krev dispensasjon	Kr 6000,-
------------------------------------	-----------

C.4 Tiltakssaker (kap. 20)

C.4.1 Tiltak der tiltakshaver sjølv har ansvaret (pbl § 20-4)

a. Sak som krev oppdatering av offentleg kart eller register:	Kr 2400,-
b. Sak som ikkje krev oppdatering av offentleg. kart eller register:	Kr 1200,-

C.4.2 Søknadspliktig tiltak, rammeløyve og sakshandsaming i eit trinn (pbl § 20-3 jfr. § 21-4)

Enkel sak (tiltaksklasse 1)	Kr 9610,-
Middels tung sak (tiltaksklasse 2)	Kr 19 220,-
Tung sak (tiltaksklasse 3)	Kr 28 820,-

Der bygning har fleire brukseiningar som tilfredsstiller tekniske krav for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

- Brukseining nr. 2 til og med nr 5: 50 % av satsane i tabellen.
- Frå og med brukseining nr. 6: 20 % av satsane i tabellen.

C.4.3 Søknadspliktig tiltak, igangsettingsløyve (pbl § 20-3 jfr. § 21-4)

For saksbehandling i to trinn (ramme- og igangsettingsløyve) bli gebyret for igangsettingsløyvet:

Enkel sak (tiltaksklasse 1)	Kr 4800,-
Middels tung sak (tiltaksklasse 2)	Kr 9610,-
Tung sak (tiltaksklasse 3)	Kr 14 400,-

C.4.4 Endring av gitt løyve (pbl § 20-3 jfr. § 21-4)

For endring av gitt løyve (ramme- og igangsettingsløyve) bli gebyret for endringsløyvet:

Enkel sak (tiltaksklasse 1)	Kr 4800,-
Middels tung sak (tiltaksklasse 2)	Kr 9610,-
Tung sak (tiltaksklasse 3)	Kr 14 400,-

C.4.5 Oppføring, endring eller vøling av byggtekniske installasjoner (pbl § 20-1 f)

Der tiltaket inngår i søknad etter pbl § 20-1. a), skal det ikke krevjast gebyr. Gebyret skal reknast ut i høve til medgått tid og utlegg til fagkunnig hjelp.

Minstegebyr	Kr 2400,-
-------------	-----------

C.4.6 Oppføring av innhegning mot veg, skilt eller reklameinnretning (pbl § 20-1 h)

Der tiltaket inngår i søknad etter pbl § 20-1. a), skal det ikke krevjast gebyr. Gebyret skal utreknast etter medgått tid og utlegg til fagkunnig hjelp.

Minstegebyr	Kr 2400,-
-------------	-----------

C.4.7 Vesentlege terrenginngrep (pbl § 20-1 k)

Der tiltaket inngår i søknad etter pbl § 20-1. a), skal det ikke krevjast gebyr. Gebyret skal reknast etter medgått tid og utgifter til fagkunnig hjelp

Minstegebyr	Kr 2400,-
-------------	-----------

C.4.8 Plassering og kontroll

For avmerking og tilhøyrande dokumentasjon: Etter medgått tid.

Minstegebyr	Kr 2400,-
-------------	-----------

C.5 Innhold og sakshandsaming (kap. 21)

C.5.1 Førehandskonferanse (tbl § 21-1)

a. Tiltak som forestås av tiltakshaver	Kr 1200,-
b. Tiltak med ansvarlig foretak	Kr 2 400,-

C.6 Refusjonssaker (kap. 18)

C.6.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§ 18-8)

Gebyr i høve til medgått tid og utgifter til fagkunnig hjelp.

Minstegebyr	Kr 2400,-
-------------	-----------

C.6.2 Kostnadskontroll og fastsettning av kostnadsdelinga (§ 18-9)

Gebyr i høve til medgått tid og utgifter til fagkunnig hjelp. Kommunen kan nekta å starta arbeid etter C.6.2 til gebyr for arbeida som inngår i C.6.1 og minstegebyret etter C.6.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevje betaling etter kvar avslutta etappe i sakshandsaminga.

Minstegebyr	Kr 2400,-
-------------	-----------

C.7 Tilsyn (Kap. 25)

C.7.1 Tilsyn (§ 25-2)

Gebyr for tilsyn er innrekna med 10% av satsane i C.4.

C.8 Ulovlege byggearbeid (Kap. 32)

For kommunen sine arbeid med ulovleg byggesak skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. B i dette regulativet. I tillegg kan kommunen krevje dekka sine kostnader til sakkunnig bistand.

D Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§ 32, forskriftene § 16),

D.1 Opprettning av matrikkeleining

D.1.1 Opprettning av grunneigedom og festegrunn

Basisgebyr	Kr 12 020,-
Variabelt pr grensepunkt	Kr 2400,-

Ved samstundes oppmåling av fleire tilgrensande tomter samtidig blir det betalt 90 % av satsane for den 4. tom den 10. tomta, og 80 % av satsane fom den 11. tomta.

D.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Basisgebyr	Kr 12 020,-
Variabelt pr grensepunkt	Kr 2400,-

Dersom forretninga blir gjennomført utan grensemerking blir det gitt 50 % reduksjon av lågaste sats. (Jfr. Matr. L § 34 og forskriftenes § 40).

D.1.3 Opprettning av uteareal på eigarseksjon

Basisgebyr pr. seksjon	Kr 7210,-
Variabelt pr grensepunkt	Kr 2400,-

D.1.4 Opprettning av anleggseigedom

Basisgebyr	Kr 14 400,-
Variabelt pr grensepunkt	Kr 2400,-

D.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige faktureres etter medgått tid.

D.1.6 Opprettning av matrikkeining utan fullført oppmålingsforretning

Syner til D.1.1, D.1.2, D.1.3, D.1.4 og D.1.5. Med tillegg av kr 2400,-.

D.2 Avbrot i oppmåling eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før saka er fullført, saka må avvisast eller saka ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold settes til 1/3 av satsane etter D.1.1-5

D.3 Grensejustering

D.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5 % av eigedommen sitt areal og ikkje meir enn 500 m². Ein eigedom kan ikkje avstå eit areal som er meir enn 20 % av arealet før justeringa.

Gebyr	Kr 7210,- + kr 10,- pr. m ²
-------	----------------------------------------

D.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med i inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum, men den maksimale grensa blir sett til 1000 m².

Gebyr	Kr 14400,- + 10,- kr pr. m ²
-------	-----------------------------------------

D.4 Arealoverføring

D.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomføres. Det utløyser også dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

Gebyr	Kr 7210,- + kr 10 pr. m ² opp til 500 m ²
-------	-----------------------------------------------------------------

For areal over dette settes gebyret tilsvarende D.1.1 med eit påslag på 30 %

D.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna ikkje vera registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er oppfylt. Matrikkeleininga skal vera eit samanhengande volum.

Gebyr	Kr 14400,- + kr 10,- pr. m ² opp til 500 m ²
-------	--------------------------------------------------------------------

For areal over dette settes gebyret tilsvarende D.1.4 med eit påslag på 30 %.

Gebyret blir rekna ut frå endring i anleggseigedomen si grunnflate.

D.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.

For inntil 2 punkt	Kr 4800,-
For overskytande grensepunkt pr. punkt	Kr 1200,-

Maksimal pris ikkje høgare enn fullt gebyr etter D.1

D.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar.

For inntil 2 punkt	Kr 9610,-
For overskytande grensepunkt	Kr 2400,-

Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturerert etter medgått tid.

Maksimal pris ikkje høgare enn fullt gebyr etter D.1

D.7 Registrering av privat grenseavtale.

Gebyr blir fastsett etter medgått tid.

D.8 Utferding av matrikkelbrev.

Matrikkelbrev inntil 10 sider	Kr 204,-
Matrikkelbrev over 10 sider	Kr 408,-

Endring i maksimalsatsane blir regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

D.9 Timepris.

For arbeid der det ikke passar å bruke faste satsar er timeprisen kr 1450,-

E Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (§ 7)

E.1 Krav om seksjonering eller resekjonering av ein eideom

a. Sak som krev synfaring:	Fem rettsgebyr.
b. Sak som ikkje krev synfaring:	Tre rettsgebyr.

E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i pkt. D.2.2 eller D.2.3.

E.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller resekjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

F Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993

Kommunen skal krevja gebyr etter reglane i forskrifta for følgjande saker:

- a) Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter:
 - 1. lov av 3. juli 1914 nr. 5 om erverv av kalksteinsforekomster
 - 2. lov av 17. juni 1949 nr. 3 om erverv av kvartsforekomster,
 - 3. lov av 31. mai 1974 nr 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova).
- b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 25 § 12.

G Gebyr for arbeid etter forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (§9)

G.1 Søknadssaker

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

a Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE	Kr 2400,-
b Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	Kr 10 810,-

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av same storleik på same eideom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av ulik storleik på same eideom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avlaupet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per avlaup som kjem i tillegg.

G.2 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)